

### Planstatus

Eigedommen er omfatta av reguleringsplan Alversund utmark. Gnr. 137 bnr. 13 m.fl. /planid. 1263-22011973, og ligg i område avsett til bustadføremål.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå regulert byggjegrænse mot offentleg veg, jf. reguleringsplane § 6. Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

#### 1. Dispensasjon frå regulert byggjegrænse mot kommunal veg:

Grunngevinga for denne søknaden vår er at plassering av omsøkt garasje ikkje kjem i strid med sikttilhøva til vegane i området. Sikttilhøva frå avkøyringa på vår eigedom eller trafikktryggleiken for andre som ferdast langs dei kommunale vegane her vert ikkje forringa med omsøkt plassering av garasjen på nokon måte. Omsøkt plassering endrar eller reduserer såleis ikkje trafikktryggleiken langs dei kommunale vegane i Alvermarka. Omsøkt garasje vil ikkje ta friskta frå nokon som ferdast i dette området. Me viser til tidlegare godkjent og oppført bod på eigedomen som alt er i den gamle sikttinja (byggjegrænse) i denne eldre reguleringsplanen for Alversund utmark. Denne reguleringsplanen vart godkjent i 1972. Den gamle innteikna byggjegrænse har såleis ingen funksjon lenger mot vegkrysset som er aust for vår eigedom og avkjørsel. Dersom de ikkje ser dette klart på situasjonsplanen vår dater 05.01.2018 vil me gjerne invitere dykk til ein synfaring på tomten vår.

Ei anna grunngeving er at omsøkt plassering av garasje tek gode omsyn til naboeigedom i nord og bruk av eige bustadhus og hage. Omsøkt plassering ivaretek og på ein god måte at me kan snu og rygga parkerte bilar på eigen tomt og på open gårdsplass. På den måten treng me ikkje rygga bilar ut på kommunal veg. Såleis er omsøkt plassering av garasje optimal for å ta vare på trafikktryggleiken for alle som ferdast i området, men og for å nytta tomten og uteområdet vårt optimalt i forhold til innsikt, vær, vind. Busker og tre er og innafor byggjegrænse her, omsøkt garasje reduserer difor ikkje friskta på nokon måte. Sjå situasjonsplan under.

Tiltaket krev dispensasjon frå Kravet om garasje skal ha maksimum grunnflate på 40m<sup>2</sup>, jf. reguleringsplan § 12. Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

#### 2. Dispensasjon frå kravet om garasje skal ha maksimum grunnflate på 40m<sup>2</sup>, jf. reguleringsplan § 12:

Grunngevinga vår for å byggja ein garasje så stor som omsøkt er at me treng inneparkering og garasjeplass for fleire enn oss sjølve. Me leiger ut delar av vårt bustadhus til ein annan familie, dei treng og meir bod- og garasjeplass. Me har og behov for ein garasje med eit plass til å driva med våre mange hobbyaktivitetar. Me likar å snekra, og i ein garasje som dette er det god lufting om me ynskjer det. I tillegg driv me aktiv med kajakkpadling og treng god lagringskapasitet i vinterhalvåret til desse fartya.

Ein annan grunngeving til dispensasjonen til maksimal grunnflate på omsøkt garasje er at me treng god plass til våre bilar, der særleg i vinterhalvåret. Med vekependling og på arbeidsreise langt vekke geografisk så treng bilane våre ein trygg og god plass under tak, der me kan låsa dei inn. I tillegg har me behov til å lagra vinterdekk og utemøblar for fleire husstandar her sida me leiger ut delar av bustadhuset vårt. Ei anna grunngeving er at tomten vår er stor og me har difor god plass på skygesida av huset til omsøkte garasjen. Til orientering vil den heller ikkje ta utsikt eller sol for nokon med omsøkt storleik og plassering.